



Møteprotokoll

Utval: Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
Stad: Fjell rådhus, kultursalen
Dato: 13.05.2019
Tid: 09:00 - 11:05

Medlemer som møtte:

Marianne Sandahl Bjorøy	Leiar	AP
Børge Haugetun	Nestleiar	TVØ
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Egil Haaland	Medlem	AP
Ernst Morten Einarsen	Medlem	H
Odd Bjarne Skogestad	Medlem	KRF
Svein Petter Bergh	Medlem	SL
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Olav Kobbeltveit	Medlem	V
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
May Elin Limevåg	Medlem	FRP
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Kjell Arve Vorland	Medlem	SP
Silvia Haugland	Medlem	Uavhengig
Espen Harketstad	Medlem	AP
Ingrid Marie Toft	Medlem	H

Forfall:

Tom Georg Indrevik	MEDL	H
--------------------	------	---

Varamedlemer som møtte:

Helena Morland Hansen	for Tom Georg Indrevik	H
-----------------------	------------------------	---

Andre:

Dagleg leiar Vest Næringsråd Rikard Toft Ledang, prosjektrådmann Rune Lid, informasjonsleiar Vagleik Brekke, møtesekretær Unni Rygg.

Kari-Anne Landro

Marianne Sandahl Bjorøy

Børge Haugetun

underskrifter

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 22/19	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 23/19	Referatsaker og orienteringar
PS 24/19	Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda
PS 25/19	Økonomirapport pr. 1.kvartal 2019 for Nye Øygarden kommune
PS 26/19	Endring av adressenamn i Nye Øygarden kommune
PS 27/19	Val av leverandør for ordførarkjede Øygarden kommune 2020 – U.off.

PS 22/19 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 13.05.2019:

Innkalling og protokoll frå førre møte (08.04.2019) vart godkjente utan merknad.

Sakslista vart godkjent med merknad om at ekstra vedlegg frå Øygarden kommune til sak 25/19, var lagt ut på møtetablet til kvart medlem og lagt til innkallinga i ettertid.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 13.05.2019:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte vert godkjente.

PS 23/19 Referatsaker og orienteringar

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 13.05.2019:

Orientering om Øygardskonferansen 2019 v/ dagleg leiar Vest Næringsråd, Rikard Toft Ledang
Ledang viste til at Øygardskonferansen «Et HAV av muligheter» skal arrangerast fredag 29.november 2019 på Panorama hotell. Erfaringar frå konferansen i fjor tilseier fokus på innovasjon og samarbeid på tvers for å skape føreseielege vilkår for næringsliv og innbyggjarar som igjen sikrar mangfald, vekst og fagkompetanse. Det er like ynskjeleg med engasjement og godt samarbeid mellom kommune og næringsliv i år som i fjor for at konferansen skal verte vellykka. Ledang peika også på at fellesnemnda bør vurdere om Øygardskonferansen skal vere årleg tradisjon i ny kommune. *Etter orienteringa kom det innspel frå Nils Kåre Skoge om at ordførar i Nye Øygarden kommune bør opne konferansen, jf. arrangementskommunen.*

Orientering frå prosjektrådmann Rune Lid om prosjektstatus og status økonomi pr. 1.kvartal 2019

Lid informerte fyrst om status for prosjektarbeidet. Leiarar på nivå 1 og 2 er tilsette, med unntak av fire stillingar som vert lyst ut internt og der alle tilsette kan søkje. Neste milepæl er avgjerse om avdelingsstruktur innan 31.mai. Deretter skal resterande tilsette plasserast i organisasjonen, etter kartlegging og i tråd med omstillingsavtala, innan 21.juni. Lokalisering av tenestane skal avgjerast innan 30.oktober og fellesnemnda vil få kome med prinsipielle innspel på juni-møtet. Fellesnemnda vil også få sak om pensjon til behandling i junimøtet grunna innvendingar mot vedtaket i sak 20/19 på førre møte. Lid gjekk deretter inn på status for økonomien pr. 1.kvartal

2019. Avviksanalysen som vart presentert viser at Nye Øygarden kommune sine fond er vesentleg mindre enn dei bør vere og at lånegjelda er vesentleg høgare enn gjennomsnittskommunen. Dei tre første månadane i 2019 viser eit samla negativt budsjettavvik på 16 millionar. Disposisjonsfondet bør mellom anna vere 11,5 % av driftsinntektene, noko som ikkje er tilfelle pr. 1.kvartal 2019 for Nye Øygarden kommune. Lid oppsummerte med å vise til at det er for stor ubalanse i inntektene og utgiftene for den nye kommunen, med lite eigenkapital, høg lånegjeld og ein økonomi som ikkje er berekraftig over tid. Det vil vere vesentleg for fellesnemnda å erkjenne at kommunen har økonomiske utfordringar og å ta diskusjonen for å harmonisere tenestetilboda i dei tre kommunane. *Etter orienteringa viste møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy til vedtak i formannskapet i Fjell 08.05.19, [sak 12/19 «Økonomirapport pr. 1.kvartal 2019»](#), med tiltak for å betre den økonomiske situasjonen. Bjorøy viste vidare til at neste møte i fellesnemnda mandag 17.juni vert eit heildagsmøte, med fyrste del som ordinært møte og deretter budsjettmøte fram til klokka 17.00.*

Orienteringane vart deretter tekne til orientering.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 13.05.2019:

Orienteringane vert tekne til orientering.

PS 24/19 Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 13.05.2019:

Det var ikkje sendt inn spørsmål frå medlemmer av fellesnemnda i forkant av møtet. Under behandlinga av saka vart det stilt følgjande spørsmål:

Svein Bergh;

I lys av at budsjettsituasjonen i dei tre kommunane, finn eg grunn til å reise dette spørsmålet: Kvifor har ikkje dei tre kommunane byrja samordna tenesteproduksjonen på tvers av kommunegrensene og internt mellom dei ulike tenestekområda ?

Strukturen er lagt, leiarpersonell er tilsett, sjølv om ikkje alle har starta i stillingane. Men det er ingen grunn til å vente. Dersom kommunane skal ha evne og vilje til å tilpassa økonomien, må dei same tre kommunane straks byrja samordna tenesteproduksjonen opp mot den nye kommunestrukturen. Her er det ein økonomisk gevinst som er vesentleg. Her har ikkje prosjektrådmannen synt framdrift. Han har heller ikkje lagt fram ulike økonomiske tiltak, bortsett frå å rapportera kvar månad. T.d. har Alvær kommune alt starta opp samordna tenesteproduksjon.

Prosjektrådmann Rune Lid viste til at dei tre kommunane sjølve har ansvaret for tenesteproduksjonen fram til 31.12.2019. Når det gjeld Alvær kommune så har prosjektorganisasjonen for Nye Øygarden kommune allereie teke dei igjen i framdrifta. Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy supplerte med at prosjektrådmannen har levert i høve alle bestillingane frå fellesnemnda. Spørsmålet vart deretter teken til orientering.

PS 25/19 Økonomirapport pr. 1.kvartal 2019 for Nye Øygarden kommune

Innstilling:

Fellesnemnda tek økonomirapport pr. 1. kvartal 2019 til orientering.

Dei tre kommunane lagar ei økonomisk prognose for årsresultat til budsjettkonferansen i juni 2019.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 13.05.2019:

Ordførar i Øygarden kommune, Børge Haugetun, viste til at Øygarden kommune sitt underskot, som skissert i saka, skuldast teknisk føring. Øygarden kommune har ein særskild solid økonomi som vert teke med inn i Nye Øygarden kommune.

Komiteleiar i Fjell kommune, Ernst M. Einarsen, viste til at Fjell kommune har sett i gang tiltak for å betre den økonomiske situasjonen, med mellom anna endra skulestruktur. Positive endringar i folketalet og talet på arbeidsledige bidreg også til at Fjell kommune sin økonomi truleg vert betre enn skissert i saka, når kommunane skal slå seg saman i 2020.

Framlegg frå Espen Hørkestad om to tilleggspunkt til innstillinga, som del av økonomidokumenta som skal leggjast fram til budsjettkonferansen i juni:

1. Ei oversikt over tapte inntekter som inntreff i overgangen til 2020.
2. Ei oversikt over forventede reduksjon av stillingar ved naturleg avgang.

Innstillinga, med desse to tilleggspunkta, vart samrøystes vedtekne.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 13.05.2019:

Fellesnemnda tek økonomirapport pr. 1. kvartal 2019 til orientering.

Dei tre kommunane lagar ei økonomisk prognose for årsresultat til budsjettkonferansen i juni 2019, inkludert:

1. Ei oversikt over tapte inntekter som inntreff i overgangen til 2020.
2. Ei oversikt over forventede reduksjon av stillingar ved naturleg avgang.

PS 26/19 Endring av adressenamn i Nye Øygarden kommune

Innstilling:

1. Fellesnemnda i Nye Øygarden kommune vedtek adressenamna slik dei går fram av saksframlegget frå dei respektive kommunane.
2. Fellesnemnda ber administrasjonen sikra at ny adressering er på plass til 01.01.2020.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 13.05.2019:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 13.05.2019:

1. Fellesnemnda i Nye Øygarden kommune vedtek adressenamna slik dei går fram av saksframlegget frå dei respektive kommunane.
2. Fellesnemnda ber administrasjonen sikra at ny adressering er på plass til 01.01.2020.

PS 27/19 Val av leverandør for ordførarkjede Øygarden kommune 2020

Innstilling:

Fellesnemnda vedtek:

- Tom Jørgensen Design AS vert valt som leverandør av ordførarkjede til Øygarden kommune 2020.
- Utval for politisk styringsstruktur får delegert mynde til å slutføre arbeidet med ordførarkjede.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 13.05.2019:

Møtet vart lukka og strøyminga av møtet slått av grunna sak unnateke offentlegheita, jf. offentleglova § 5 om utsett innsyn til partar er varsla om vedtaket.

Sakspapir vart delt ut til medlemene av utvalet på møtet. Det kom kommentar om at sakspapira burde vere formidla i forkant av møtet sjølv om det var sak unnateke offentlegheita.

Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste fram større bileter av skissa til ordførarkjede, og eit ledd til kjede i sølv, som del av saksopplysningane. Både Bjørøy og Ernst M. Einarsen viste til at utval for politisk styringsstruktur var samrøystes i si tilråding om val av leverandør, og at det er mogleg med justeringar av dei einskilde ledda i ordførarkjede om ynskjeleg innan kostnadsramma.

Innstillinga vart deretter samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 13.05.2019:

Fellesnemnda vedtek:

- Tom Jørgensen Design AS vert valt som leverandør av ordførarkjede til Øygarden kommune 2020.
- Utval for politisk styringsstruktur får delegert mynde til å slutføre arbeidet med ordførarkjede.